



Statens vegvesen

SIGVARD HOPLAND
NESBREKKA 2
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/77074-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.01.2019

Førehandstilsegn – Flytte avkøyrslø – Fv. 401 – Gnr. 172 bnr. 4 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 01.06.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til flytting av avkøyrslø frå fv. 401 til eigedomen gnr. 172 bnr. 4 i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrslø skal plasserast i tråd med situasjonsplan, mottatt 18.10.2017. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bustadføremål.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuelle plantar og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*).
4. Svingradius skal vere minimum 4 meter retning høgre i avkøyrslø, og minimum 3 meter retning venstre i avkøyrslø (sjå *Krav til utforming*). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget.

5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane (sjå *Krav til utforming*).
6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigdommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*.
9. Eksisterande avkøyrslar skal stengast.
10. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
12. Det er eit vilkår at kommunen har gjeve naudsynte løyver for tiltaket.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrslar kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Til søknaden er det levert ei skisse som syner framlegg til utforming av avkøyrslar og ny tilkomstveg. Fordelen med å flytte avkøyrslar er at ein får stengt ei avkøyrslar som har dårleg sikt. Snu og manøvreringsforholda for køyretøy blir meir gunstig. Det vert vanskeleg å tilfredstille krav til 4 meter svingradius i den nye avkøyrslar. Vi har difor gått ned på kravet til tre meter svingradius, som skal målast i innerkurve, før tilkomstvegen vert koplå på.

Det er ikkje samsvar mellom dei mål som er satt på skissa og faktiske forhold på staden. Det må difor leverast ny plan og profildeikningar for tilkomstvegen før den vert behandla. Tilkomstvegen må leggest så langt frå fylkesvegen som råd er. Minimumskravet (sikkerhetskravet) er tre meter. Vi meiner likevel at vegen må trekkjast lenger vekk frå fylkesvegen der det er råd. Dette mellom anna for å ha nok areal til framtidige behov.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan
Krav til utforming av avkøyrsløse
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsløse

Statens vegvesens saksnummer 17/77074

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 401, hp 1, km 0,467, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 25.01.2019.

.....
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør


Samtykke sendast til:

Statens vegvesen, PB. 43, 6863 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no,


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE




SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE





	Målte Grenser		Summe husstader
	Registrerte Grenser		Hytteferietuis
	Uteforret grenser		Garasjeutbuis
	Terrenngrense		Industri/lager
	Konstruert prosjektmålt		Aukre bygg
	Bollig		
	Bustad til leilighet		
	Vanningsbuis		

Beliggenhet og høyer må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
 Geodata avdeling
Oddlaug Aune – og Sigvard Hopland
 Eigare av 172 / 4 i Lindås kommune

Dato: 2017.10.12
 Blom: 114

Gnr 172 bnr 4

